

Vekeplan, veke 3 4. klasse



Namn:

Info:

- Det blir ein del øving på Songskattane framover. Solistroller og dramaroller er delt ut, og alle som ønska har fått.
- 4. mars: Generalprøve og deretter to konsertar i Storstova i skuletida. Elevane blir frakta i buss fram og tilbake.
- 5. mars: Kveldskonsert for foreldre i Storstova.
- Hugs godt yttertøy! Det er kaldt ute. Dei som er litt frosne av seg, slik som eg, bør ha varme inneklede også. Fyll gjerne opp skiftekorpa med nye (ull)sokkar.
- Onsdag blir det tur til Tjensvollpoddlen. Det kan vere lurt å ha med varm drikke i tillegg til kald drikke. Ta med niste eller pølse på termos. I tillegg kan du ha med kjeks i ein boks.
- Hugs gode, varme klede (ull) og sitjeunderlag. Sidan det er is der, må alle ha med hjelm – elles får dei ikkje gå ut på isen. Dei som vil ha med skøyter, får lov til det. **Du treng kun tursekk denne dagen!**
- Time kommune har innført «whitelisting» på elev-ipader på 1.-4.trinn. For å kome inn på Youtube kids, treng eleven foreldregodkjenning. Sjå på det i lag med eleven viss de som vaksen vil at eleven skal få tilgang. IKT forventar noko oppstartskrøll i samband med whitelisting.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg kan lese mellom linjene. - Eg skriv stor bokstav på rett stad. - Eg lærer tekst utenat.
Rekning:	- Eg veit kva ein rettvinkla, likebeint og likesida trekant er. - Eg veit forskjellen mellom eit kvadrat og eit rektangel.
Engelsk:	- I know what a preposition is - I can use a preposition in a sentence.
Sosialt:	- Eg tek alle med i leiken.

Øveord: (Desse skal du kunne skrive på målprøven på fredag)

gullgravar – Canada – spennande – Alaska – austkysten

Gloser

stroll – spasertur, through – gjennom, deep- djup, terribly – frykteleg, kind – snilt, tusks – hoggtenner, claws - klør, jaws – kjevar, rocks – steinar, roasted – grilla, I'm off – eg stikk, sped – skunda seg, silly - dumme



Lekser til

Tysdag:	Norsk: Les teksten i den store raude norskboka og gjer oppgåvene som høyrer til. Hugs fin handskrift, stor bokstav og punktum. Les teksten to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Matte: Gjer s. 60 i Multi 4 oppgåvebok. Ta med underskrift på gongeprøve og målprøve.
Onsdag:	Norsk: Øv på «Kattene våre», «Vi har ei tulle», «Bolla pinnsvin» og «Geitrams». Øv på dei versa det står «alle» på. Solistene må i tillegg øve på sine vers. Dei som har dramareplikkar, må begynne å øve på dei. Det er viktig at du syng når du øver. Bruk lydfilene som ligg på Showbie. Engelsk: Les s 56 og 57 i Quest Textbook høgt for ein vaksen 2 gonger, den første gongen på engelsk, den andre gongen på norsk og les 1 gong for deg sjølv på engelsk. Skriv glosene i den raude <u>gloseboka</u> di.
Torsdag:	Norsk: Les teksten s. 134-135 i Salto to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Norsk: Skriv ei forteljing i den lille raude norskboka di. Overskrift: <u>På jakt etter gull</u>. Hovudpersonen skal vere «eg». -Tenk gjennom følgjande før du skriv: -Kor gammal er du i forteljinga? -Kvar skal du leite etter gull? -Kvifor ville du grave etter gull? Drøymde du om å bli rik? -Tenkte du på at det kunne vere farleg? -Kva med resten av familien din? Var du heilt aleine? Fann du gull? Du skal skrive minst ei side, helst to. Viss du vil, kan du lage ein passande illustrasjon til forteljinga. Sjekk at du har hugsa punktum og stor bokstav. Har du skrive orda riktig? Les forteljinga di inn på Showbie under leselekse, veke 3.
Fredag:	Norsk: Øv på «Teddybjørnens vise», «Kvelden lister seg på tå» og «Våre to søsken». Øv på dei versa det står «alle» på. Solisten må i tillegg øve på sine vers. Matte: Gjer s. 61 i Multi 4 oppgåvebok. Øve 10 min på 6-10 gongen. Målprøve

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk ER	Matte Musikk EH	Tur LT	Norsk GS	Matte EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Tur ER	Norsk GS	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Tur GS	Krle 3+4 MH	Norsk GS
			Skulen sluttar 12.40		

GS= Grete Stokke MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagensen LT= Lars Tjelle. ER = Erik Røyland.

